

## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Kommunedirektør			Berit Karin Rystad
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	23/121	Klassering:

### Juridisk vurdering av bruk av bassenget til Fedje kommune

#### Saksopplysningar

I samband med ei dødsulykke i bassenget til Modalen kommune har Fedje kommune fått ei juridisk utgreiing av KS Advokat som gjeld bruk av symjebassenget til Fedje kommune. Utgreiinga er lagt ved saka.

#### Vurdering

Kommunedirektøren har rådført seg internt og med Modalen kommune i saka. Fedje kommune har strengare reglar for bruk av kommunen sitt svømmebasseng enn det Modalen kommune har hatt. Det skal mellom anna alltid være minst to som badar saman.

Fedje kommune treng og å ha stort fokus på svømme trening og symjedyktigheit blant innbyggjarane sidan me ligg så tett på sjøen, og det er naturleg at innbyggjarane bruker sjøen til diverse aktivitetar. Då er det viktig at innbyggjarane er gode på symjing om ulukka skulle være ute.

Kommunedirektøren har difor ikkje gjort endringar i bruk av symjebassenget til kommunen. Me ventar og på ei utgreiing som Modalen kommune har teke initiativ til.

#### Folkehelse

Symjing er viktig for folkehelsa til innbyggjarane og i forhold til livredning om ulukka skulle være ute

#### Miljø

Ikkje relevant

#### Økonomi

Viss Fedje kommune skulle hatt badevakt i opningstida ville det blitt så kostbart at me måtte stenge symjebassenget for innbyggjarane. Då ville bassenget berre være ope for symjeundervisning i skulen og for symjeklubben.

#### Konklusjon

Fedje kommune fortset sin praksis når det gjeld reglar for kommunen sitt symjebasseng

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande

#### Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost